



Utval:	<b>Formannskapet</b>
Møtestad:	Møterom, Midsund omsorgssenter
Dato:	25.09.2017
Tid:	09:00

**Faste medlemmar som møtte:**

Namn	Funksjon	Parti
Frits Inge Godø	NESTL	V
Odd Helge Gangstad	LEDER	SP
Nora Helen Dyrseth Blø	MEDL	AP

**Faste medlemmar som ikkje møtte:**

Namn	Funksjon	Parti
Inger Lise Trønningsdal	MEDL	H
Adrian Sørлие	MEDL	H

**Varamedlemmar som møtte:**

Namn	Vara for:	Parti
Randi Anna Hånes	Adrian Sørлие	H

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Ketil Ugelvik	Rådmann
Arild Sjøvik	Økonomisjef
Inge Rakvåg	Teknisk sjef
Astrid Abelseth	Utvalsekretær

**Underskrift:**

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Odd Helge Gangstad

Frits Inge Godø

Nora Helene Dyrseth Blø

Randi Anna Hånes

## SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 17/41	Referatsaker	
PS 17/42	IKT-strategiplan for oppvekst og kulturskole ROR-IKT 2017-2021	2017/514
PS 17/43	Handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2017 - 2020 - Midsund kommune	2017/322
PS 17/44	Søknad dispensasjon frå reguleringsplana for Midsund sentrum til bygging av tremannsbustad, Gnr. 48 Bnr. 68 Bygg Kompetanse AS <b>- Går ut – overført til Planutvalet PS 17/20</b>	2017/464
PS 17/45	Bygging av P - plass på Sandane - Hamnaneset og Sandane parkering - statleg sikring 2017 - 53/4, Tormod Åge Bjørnerem	2017/64
PS 17/46	Opprusting av veg, røropplegg og P-plassutviding ved Senteret - Gnr. 48 Bnr. 82, eigar Midsund kommune	2017/523
PS 17/47	Høyring - Fartshumper Riksveg 668 Midsund sentrum	2016/358
PS 17/48	Tertialrapport - 2. tertial 2017	2017/519

Det vart halde møte i Midsund formannskap den 25.09.2017 på Midsund omsorgssenter. Møtet vart leia av ordførar Odd Helge Gangstad. Møtet tok til kl 09.00.

Inger Lise Trønningdal (H) og Adrian Sørli (H) hadde meldt forfall, Randi Anna Hånes (H) møtte som vara.

4 voterande.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Sakslista vart samrøystes godkjent, etter at PS 17/44 vart flytta til Planutvalet PS 17/20.

Det vart samrøystes vedteke å lukke møtet frå kl 09.05 til 10.00 med heimel i Komml § 31 nr. 2, jf forvl. § 13, 1. ledd nr. 2. Roger Hofseth og Karl Inge Slottsvik frå Hofseth International Group orienterte.

Det var synfaring frå kl 12.00 til 13.30:

- Midsund barnehage, ute og inne
- Ned Bukthaugvegen
- Strømsneshaugen
- Antonbua
- Bak senteret
- Tusenårsplassen
- Teigabakken
- Starten på Midsundtrappene
- Idavoll

Økonomisjef og rådmannen orienterte om budsjettprosessen.

Rådmannen orienterte om:

- Avtale om grunneigedom
- Tomtesituasjonen i Midsund – administrasjonen fekk mandat til å forhandle vidare med dei aktuelle aktørane
- Midtbøtomta
- Fartsreduserande tiltak – kommunale vegar
- Samansetting av jury – formannskapet gjekk inn for at ordførar representerer det politiske og Midsund Næringsforum møter med 2 representantar.

### **PS 17/41 Referatsaker**

#### **Samrøystes vedtak i Formannskapet - 25.09.2017**

Protokoll frå møtet 28.08.2017 vert godkjent.

### **PS 17/42 IKT-strategiplan for oppvekst og kulturskole ROR-IKT 2017-2021**

#### **Forslag til vedtak:**

Rådmannen si innstilling

Kommunestyret godkjenner IKT Strategiplan for oppvekst og kulturskole ROR-IKT 2017-2021.

#### **Behandling i Oppvekst- og kulturutval - 20.09.2017**

Rådgjever Siv Janne Håseth-Eik gikk gjennom strategiplana.

Etter vedtak i IKT Strategiplan kjem oppvekst- og kulturutvalet med følgjande uttale:

«På bakgrunn av IKT Strategiplan og behovet i grunnskulen ber oppvekst- og kulturutvalet at Midsund kommunestyre vurdere bruk av reformstøtte til oppgradering av IKT i grunnskulen i Midsund.»

#### **Samrøystes vedtak i Oppvekst- og kulturutval - 20.09.2017**

Kommunestyret godkjenner IKT Strategiplan for oppvekst og kulturskole ROR-IKT 2017-2021.

#### **Samrøystes vedtak i Formannskapet - 25.09.2017**

Kommunestyret godkjenner IKT Strategiplan for oppvekst og kulturskole ROR-IKT 2017-2021.

## **PS 17/43 Handlingsplan mot vold i nære relasjoner 2017 - 2020 - Midsund kommune**

### **Forslag til vedtak:**

Midsund kommune godkjenner handlingsplan mot vold i nære relasjoner 2017-2020

### **Samrøystes vedtak i Formannskapet - 25.09.2017**

Midsund kommune godkjenner handlingsplan mot vold i nære relasjoner 2017-2020

## **PS 17/44 Søknad dispensasjon frå reguleringsplana for Midsund sentrum til bygging av tremannsbustad, Gnr. 48 Bnr. 68 Bygg Kompetanse AS**

### **Forslag til vedtak:**

1. Midsund kommune gjer løyve til dispensasjon frå reguleringsplana og føresegn om maksimalt BYA=20% for gjeldande område. Løyvet gjeld for eit BYA=32,1%, som beskriven i byggesaka.
2. Før ferdigattest blir gjeve, skal det ligge føre dokumentasjon på opparbeiding av leikeområdet.
3. Saka blir berre behandla politisk utan høyring, då liknande sakar tidlegare har gått via høyring utan merknadar.
4. Byggesaka følgjer vanleg behandling etter dette vedtaket.
5. Det skal i byggesaka setjast krav til tilkomstvegens utforming. Denne skal følgje vanleg praksis i Midsund kommune.

### **Samrøystes vedtak i Formannskapet - 25.09.2017**

Saka går ut – overført til Planutvalet PS 17/20.

## **PS 17/45 Bygging av P - plass på Sandane - Hamnaneset og Sandane parkering - statleg sikring 2017 - 53/4, Tormod Åge Bjørnerem**

### **Forslag til vedtak:**

1. Midsund kommune godkjenner at 3.500 m<sup>2</sup> på del av 53/4 blir kjøpt og opparbeida som P – plass for Sandane friluftsområde.
2. Området skal tinglysast som «statleg sikra område»
3. Den gamle p-plassen skal sanerast etter Statens vegvesen sine krav.
4. Finansiering på kr. 275.000,-, låneopptak med infrastruktur/reformstøtte.

### **Samrøystes vedtak i Formannskapet - 25.09.2017**

1. Midsund kommune godkjenner at 3.500 m<sup>2</sup> på del av 53/4 blir kjøpt og opparbeida som P – plass for Sandane friluftsområde.
2. Området skal tinglysast som «statleg sikra område»
3. Den gamle p-plassen skal sanerast etter Statens vegvesen sine krav.
4. Finansiering på kr. 275.000,-, låneopptak med infrastruktur/reformstøtte.

## **PS 17/46 Opprusting av veg, røropplegg og P-plassutviding ved Senteret - Gnr. 48 Bnr. 82, eigar Midsund kommune**

### **Forslag til vedtak:**

1. Midsund kommune gjennomfører opprustinga og bygging av nye p-plassar rundt Senteret så snart som mogeleg.
2. Finansiering av det manglande beløp på kr. 650.000,- blir tatt frå prosj 432 sikker parkering ved Midsund skule.
3. Beløpet til sikker parkering ved Midsund skule må oppjusterast i økonomiplana.

### **Samrøystes vedtak i Formannskapet - 25.09.2017**

1. Midsund kommune gjennomfører opprustinga og bygging av nye p-plassar rundt Senteret så snart som mogeleg.
2. Finansiering av det manglande beløp på kr. 650.000,- blir tatt frå prosj 432 sikker parkering ved Midsund skule.
3. Beløpet til sikker parkering ved Midsund skule må oppjusterast i økonomiplana.

## **PS 17/47 Høyring - Fartshumper Riksveg 668 Midsund sentrum**

### **Forslag til vedtak:**

1. Midsund kommune vurderer 10 fartshumpar, 3 oppheva gangfelt og 7 modifisert fartshumpar som den beste løysinga i forhold til høyringsforslaget til Statens vegvesen.
2. Midsund kommune ber Statens vegvesen om å vurdere om det skal vere ein kombinasjon av romlefeld, innsnevring og farthumpar.

### **Samrøystes vedtak i Formannskapet - 25.09.2017**

1. Midsund kommune vurderer 10 fartshumpar, 3 oppheva gangfelt og 7 modifisert fartshumpar som den beste løysinga i forhold til høyringsforslaget til Statens vegvesen.
2. Midsund kommune ber Statens vegvesen om å vurdere om det skal vere ein kombinasjon av romlefeld, innsnevring og farthumpar.

## **PS 17/48 Tertialrapport - 2. tertial 2017**

### **Forslag til vedtak:**

1. Økonomirapporten per 2.tertial vert tatt til orientering.
2. Finansrapporten per 2.tertial vert tatt til orientering.

### **Behandling i Oppvekst- og kulturutval - 20.09.2017**

Rådmann Ketil Ugelvik gav ein gjennomgang av rapporten.

### **Samrøystes vedtak i Oppvekst- og kulturutval - 20.09.2017**

1. Økonomirapporten per 2.tertial vert tatt til orientering.
2. Finansrapporten per 2.tertial vert tatt til orientering.

### **Behandling i Ungdomsrådet - 21.09.2017**

#### **Vedtak i Ungdomsrådet - 21.09.2017**

#### **Behandling i Eldrerådet - 22.09.2017**

#### **Vedtak i Eldrerådet - 22.09.2017**

### **Samrøystes vedtak i Rådet for funksjonshemma - 22.09.2017**

1. Økonomirapporten per 2.tertial vert tatt til orientering.
2. Finansrapporten per 2.tertial vert tatt til orientering.

### **Samrøystes vedtak i Helse- og omsorgsutval - 21.09.2017**

1. Økonomirapporten per 2.tertial vert tatt til orientering.
2. Finansrapporten per 2.tertial vert tatt til orientering.

### **Behandling i Formannskapet - 25.09.2017**

Økonomisjef Arild Sjøvik orienterte.

#### **Vedtak i Formannskapet - 25.09.2017**

1. Økonomirapporten per 2.tertial vert tatt til orientering.
2. Finansrapporten per 2.tertial vert tatt til orientering.

**Møtet vart heva kl 16.35.**